



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/7303-1

## **Skriv og melding 19. september 2017 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

### **Tilråding til vedtak:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

### **Vedlegg:**

Program SOR-konferanse 26. – 27. oktober  
Lesarbrev frå HLF Sogn og Fjordane

### **Meldesak 1) SOR-konferanse 26. – 27. oktober, Oslo kongressenter**

Hovudtema for konferansen er: «Ferdigheter for framtid» - målretta og relasjonell miljøterapi og miljørarbeid. Utvikling av kompetanse hos tenestebrukskarar og tenesteytarar.

Påmeldingsfrist 25. oktober

### **Meldesak 2) Landskonferansen i Stavanger 31. oktober – 1. november**

Programmet for landskonferansen, som fylkesrådet i Sogn og Fjordane er med å arrangerer, er kome på plass, og foredragshaldarane har stadfesta at dei kjem.

Invitasjon til landskonferansen vart sendt ut til medlemmane i fylkesrådet 12. juni, og påminning i august. Frist for påmelding er 15. september.

### **Meldesak 3) Lesarbrev frå HLF om lærarkompetanse for hørselshemma**

Lesarbrevet er ei orientering til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, og det er òg sendt til lokalavisene i Sogn og Fjordane.

Barn og unge med hørselsutfordringar fortel om mobbing, manglande trivsel og utanforskap. Resultat frå HLF si undersøking (mai 2017) viser at 28 prosent av hørselshemma elevar opplever å bli mobba fleire gonger i månaden. Tilsvarande tal frå elevundersøkinga i 2016 viser 4,6 prosent.

### **Meldesak 4) Generasjonskonferanse?**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har hatt som tradisjon å arrangere ein konferanse i fylket for dei kommunale råda, ein gong i løpet av perioden.

Det er kome inn forslag om å arrangere ein generasjonskonferanse, der fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, fylkesrådet for eldre og UPU samarbeider om å arrangere ein konferanse, med eit felles tema.

Det er kome forslag om å arrangere konferansen 9. – 10. mars 2018.

Nordland fylkeskommune har arrangert slike konferansar i fleire år. Den siste konferansen arrangerte dei 21. – 23. april:

<https://www.nfk.no/politikk/medvirkning/eldreradet/generasjonskonferansen-2017.998002.aspx>

**Meldesak 5) Ymse**